



Til:  
Miljødirektoratet ([post@miljodir.no](mailto:post@miljodir.no))

Kopi:  
Fylkesmannen i Agder ([fmagpost@fylkesmannen.no](mailto:fmagpost@fylkesmannen.no))  
Klima- og miljødepartementet ([postmottak@kld.dep.no](mailto:postmottak@kld.dep.no))

4. desember 2020

## **KLAGE – LØYVE TIL UTPLANTING AV UTANLANDSK TRESLAG TIL SKOGPRODUKSJON – GNR/BNR 158/1 – FARSUND KOMMUNE**

### **KOMMENTAR TIL FYLKESMANNEN SI OVERSENDING AV KLAGE**

Fylkesmannen i Agder har sendt klagen og saka over til Miljødirektoratet ved sitt brev av 16.11.2020 (ref.: 2020/1183).

Det er nødvendig å kommentere ein del av klagehandsaminga hos Fylkesmannen i Agder.

#### **1. Kunnskapsgrunnlaget - Informasjon frå offentlege databasar**

I det omsøkte utplantingsområdet er det ikkje opplysningar i Artskart eller Naturbase. Det er ikkje lagt fram nokon form for dokumentasjon for at arealet er undersøkt utan å finne lokalitetar som skal kartleggast, og kva kriteriesett som er lagt til grunn for kartlegging.

Fylkesmannen viser i vedtaket at dei ikkje heilt har skjønt korleis kartlegging av naturmangfald verkar. Ved handsaminga av klagen har dei framleis ikkje tileigna seg slik kunnskap.

Når ein ikkje har observasjonar av ein einaste art å vise til, så er ikkje kunnskapsgrunnlaget i orden. Særleg ikkje i ei sak som handlar om at ein vanlegvis ikkje skal gje løyve til å setje ut ein art med svært høg risiko.

Naturvernforbundet  
Mariboegate 8  
0183 Oslo  
[naturvern@naturvernforbundet.no](mailto:naturvern@naturvernforbundet.no)

Sabima  
Mariboegate 8  
0183 Oslo  
[sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)

WWF-Norge,  
Postboks 6784 St. Olavs  
Plass, 0130 Oslo  
[wwf@wwf.no](mailto:wwf@wwf.no)

## 2. Fylkesmannen si synfaring

Frå Fylkesmannen si synfaring har vi ikkje funne dokument som er ført opp på postlista under denne saka. Vi finn ikkje observasjonar på Artskart frå det aktuelle området på den aktuelle tida. Om artane og naturtypane som er registrert under synfaringa står det ingenting. Det vi veit er altså at nokon frå Fylkesmannen var i omsøkte område 17.9.2020.

Viss ein skal legge noko til grunn for eit vedtak, så er det vanleg god sakshandsaming at det ein legg vekt på i alle fall finst i notatform og tilgjengeleg for alle. Dei seinare åra har Fylkesmannen ved tinging av kartlegging sett krav om at observasjonar blir lagt inn i databasane, slik at ein får varig resultat av investeringar i kartlegging. Tilsvarande krav må ein anta gjeld også for Fylkesmannen si eiga verksemd.

Då står ein igjen med følgjande påstand i oversendingsbrevet:

korrekt bilete, så leng ikkje absolutt alt areal er kartlagt. Likevel vurdere Fylkesmannen kartlegginga i Farsund som god nok til at det kan fattast vedtak med bakgrunn i denne. Spesielt gjeld dette der ein trekkjer inn ressurspersonar i handsaminga, slik som i dette tilfellet kommunen og Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Fylkesmannen seier vel her at det må vere greitt sidan det er Fylkesmannen si miljøvernavdeling som stiller kompetansen sin til disposisjon. Klagarane er opptatt av at ein i slike saker skal ha faktabasert kunnskap, og at det skal vere mogleg å etterprøve så langt råd. Alternativet er at Fylkesmannen gjer det mogleg for oss at vi sjølv kan sjå det Fylkesmannen har sett og legg til grunn i saka.

## 3. Vurdering av området som kan bli påverka

I løyvet frå fylkesmannen står det:

Det er ikke registrert noen verneområder, naturverdier eller rødlistede arter på eller i nærheten av omsøkt tiltak.

Vidare:

Fylkesmannen har vært på befaring på omsøkte felt og vurderer faren for uønsket spredning til å være mulig å håndtere ved å sette vilkår i tillatelsen.

Det går ikkje fram av dokumenta kva som er rekna som «i nærheten» Det har stor interesse for saka om dette t.d. er innanfor 80 meter frå omsøkte område, eller 2500 meter. Innanfor ein radius på 2500 meter finst det både naturtypelokalitetar og verneområde som bør vurderast nærare.

Raudlista artar og verneområde er greitt definert, men kva som ligg i «ikke registrert noen ... naturverdier» er uklart. Formuleringa kan kanskje vere aktuell viss ein vil få fram at den

asfalterte parkeringsplassen eller kunstgrasbane kan kvitterast ut etter naturmangfaldlova. Elles er formuleringa utan innhald relevant for saka.

#### 4. Kunnskap om frøspreiing

I vedtaket finn vi:

Arten har vist evne til å spre seg til en rekke naturtyper inkludert forstyrrede arealer, kystlynghei, eng, noen typer skogsmark, og beitemark og myr. Spredning inn i åpne kulturpåvirkede og tørre arealer og boreal hei kan lokalt være betydelig.

I oversendingsbrevet finn vi:

område var det lite spreiiing. Det er utført norske forsøk med spreiiing av Sitka (Nygaard m.fl. 1999) der maksimal observert spreiiing vart registrert med 80 meter. Med bakgrunn i Forskinga det er vist til er ikkje nyaste kunnskap om frøspreiing frå sitkagran.

DN-utredning 8-2012<sup>1</sup> bør vere kjent for forvaltinga, og summerer opp mellom anna:

4) *Minsteavstanden til sårbare områder må ta utgangspunkt i langdistansespredning, ikke i kortdistansespredning.* Basert på estimatene i tabell 8 og erfaringene fra andre land (spesielt New Zealand) bør minsteavstanden ligge rundt 5 km i hovedvindretninga og rundt 2 km i andre retninger. Noe avhengig av treslaget det er snakk om, bør sårbare områder omfatte (men ikke nødvendigvis være begrensa til):

- åpne landskap (boreal hei, kystlynghei, fjellhei m.m.) i den grad de har kulturhistorisk eller økologisk verdi (f.eks. sårbare eller trua naturtyper);
- verneområder;
- soner som er vedtatt å være fri for fremmede treslag.

<sup>1</sup> H. Sandvik 2012. Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold. DN-utredning 8-2012

Denne rapporten er tydeleg på at risikoen for spreining aukar kraftig viss ein planter på ryggar og kollar. Når det er nemnt i søknad og vedtak at det er berre sitkagran som kan vere aktuelt som tømmer på dette arealet, er det vel nettopp fordi området er utsett for vind.

I same rapport finn ein også side 28:

Som funnene fra New Zealand har vist, kan det gå mange tiår før langdistansespredning slår til. Konklusjonen som bør trekkes fra dette er at manglende spredning i fortida ikke er bevis nok for at slik spredning ikke kan skje («at det har gått bra så langt, er ingen sovepute»).

Eit viktig arbeid for å kartlegge sitkagran si evne til spreining er også gjort på Stadlandet<sup>2</sup>. Der finn ein viktige opplysningar om kor fort sitkagran kan bli kongleberande, om frørar, kva som skal til for at konglene opnar seg, spreingsretningar og ikkje minst målingar på spreingsavstand.

Når ein legg til grunn Nygaard m.fl. (1999) utan samtidig å vise til Sandvik (2012) og Thorvaldsen (2016), så har ein anten ikkje oversyn, eller så unndrar ein vesentleg forskning frå sakshandsaminga.

Det vises til at det ved synfaring er undersøkt frøspreiing frå eit eksisterande sitkagranfelt i området, utan at det blei funne særleg mykje. Vi aksepterer at Fylkesmannen kan ha gjort dette og at dei ikkje har sett spreining. Men det står ikkje noko om dei har sett inni feltet, rett på utsida eller lenger unna. Så lenge det ikkje er mogleg å vurdere slike spørsmål nærare, kan ein ikkje legge ei slik undersøking til grunn. Dette samsvarar ikkje med annan kunnskap om temaet, og bør følgeleg etterprøvast. Då må det vere dokumentasjon av kva areal som er undersøkt, og korleis dette er undersøkt, slik at andre kan etterprøve dette.

## 5. Særlege krav til kunnskapsnivå

Regelverket set særlege krav til kunnskapsnivået når det er tale om å gje løyve til utsetting av artar med svært høg risiko. Dette blir det sagt noko om i rettleiaren side 12:

*Første ledd tredje setning:* Tredje setning i bestemmelsen setter en absolutt grense for når myndighetene kan gi tillatelse til utsetting. Dersom det er grunn til å anta "vesentlige uheldige følger" for det biologiske mangfoldet, har myndighetene ikke lov til å gi tillatelse til utsetting. Det trenger ikke å være sannsynlighetsovervekt for at vesentlige uheldige følger vil inntre. Dette gjelder selv om andre viktige samfunnsinteresser taler for en tillatelse.

<sup>2</sup> Thorvaldsen, P. 2016. Sitkagran *Picea sitchensis* i stor spredning i det norske kystlandskapet. Eksempel fra Stadlandet, Selje kommune. *Blyttia* 74: 160-171

Rettleiaren, side 11:

Når en art i Norsk svarteliste 2012 er oppført med svært høy risiko (SE), vil det normalt ikke være hjemmel til å tillate utsetting. Det samme vil kunne gjelde for arter med høy økologisk risiko (HI). Generelt kan forvaltningsmyndigheten bare gi tillatelse til utsetting dersom det i det aktuelle tilfellet foreligger minimal risiko for spredning. Kunnskap om naturmangfold i det aktuelle utsettingsområdet og i tilgrensende arealer, vil være en viktig del av vurderingsgrunnlaget. Det bør legges opp til en restriktiv praksis med utsettinger i områder som medfører stor fare for spredning, som for eksempel på koller, åsrygger og nær vann (frøspredning kan skje over islagte vann). Omfang av utsettingen, plassering og utforming av lokaliteten for å minimere faren for spredning er også sentrale momenter ved vurdering av en søknad.

I dette høvet er kunnskapsgrunnlaget så dårleg at det ikkje er mogleg å vurdere om omsøkte tiltak kan få «vesentlige uheldige følger». Vidare er utsettingsarealet ein åsrygg, nettopp ein slik terrengformasjon som lettast gjev stor spreining og føresetnader for omfattande langdistansespreiing. Slike område rår ein generelt frå å bruke og då skal ein i alle fall ikkje sleppe laus noko med svært høg risiko som det i utgangspunktet ikkje er heimel for å gje løyve til.

Ein slik mogleg uheldig følgje kan t.d. vere at område som i dag er ganske ope landskap gror igjen med skog fordi ein bruker eit utanlandsk treslag. Klimaendringar fører i same retning, så det vil vere ei forsterking av slike verknader. Dvs. at høgareliggande opne areal er i minking. Dette er leveområde for ein del artar som for tida slit. Berre dette meiner vi er moment nok til å seie at Fylkesmannen si vurdering av denne typen spørsmål er for mangelfulle og kanskje feilaktige.

dette vurderer Fylkesmannen at ein med vilkår sett i løyvet, vil kunne kontrollere spreining på eit forsvarleg vis og at eit treslagsskifte på omsøkte areal ikkje vil få stor negativ konsekvens for sårbar natur. Klimaaspektet med treslagsskifte er nemnt i uttale frå Farsund kommune. Det er ikkje gitt avgjerande vekt i vurderinga av om løyve kunne gis.

## **Konklusjon**

Saka handlar om ein art med svært høg risiko som det i utgangspunktet ikkje er heimel for å gje løyve til. Sakshandsaminga hos Fylkesmannen i Agder har ikkje avklart spørsmål som er grunnleggande når det gjeld kunnskapsnivå. Dermed har ein feil eller manglar i faktagrunnlaget som gjer at vedtaket blir feil. Vedtaket må gjerast om til avslag.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes  
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel  
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo  
Seniorrådgjevar naturmangfald, WWF Verdens naturfond